

TV-guiden

Handbok for nye
arbeidsplassstillsvalde

Nynorsk

Denne TV-guiden tilhører



TVO
Utdanningsforbundet



«Verdiar og prinsipp for Utdanningsforbundet»

Vedtak på landsmøtet november 2009

Verdiar og prinsipp for Utdanningsforbundet tek utgangspunkt i menneskerettane og dei demokratiske grunnverdiane fridom, likeverd og solidaritet. Våre verdiar og prinsipp er forpliktande for medlemmer og tillitsvalde.

Grunnlaget for Utdanningsforbundet sitt arbeid finn vi i føremålsparagrafen:

- Utdanningsforbundet er ei partipolitisk uavhengig fagforeining for pedagogisk personale innanfor alle utdanningsnivå.

- Utdanningsforbundet skal ta vare på interessene til medlemmene når det gjeld lønns- og arbeidsvilkår, og når det gjeld profesjonsfaglege og utdanningspolitiske spørsmål.
- Utdanningsforbundet skal arbeide for at barn, unge og vaksne får eit kvalitativt godt opplæringsstilbod, og for at utdanning skal ha ei sentral rolle i samfunnet.

(Vedtekter for Utdanningsforbundet § 2)



Innhald

- 3 Oppgåver og opplæring
- 7 Fakta om Utdanningsfobundet
- 11 Lover og avtalar
- 15 Påverknad og handlingsrom
- 19 Lønns- og arbeidsvilkår
- 23 Klubbarbeid
- 27 Profesjonsstemma
- 31 Ordliste, nettressursar og kontaktar



Kvífor denne handboka?

Vi veit at du som ny arbeidsplasstillitsvald sit med mange spørsmål, som: Kva er arbeidsoppgåvene mine? Kva kan medlemmene vente av meg? Kva må eg kunne om aktuelle lover og avtalar? Korleis skal eg vere overfor arbeidsgiver? Korleis blir eg ein god representant for Utdanningsforbundet? TV-guiden er ein rask introduksjon til vervet

og oppgåvene. Du bør ha lese gjennom den før du skal på det første kurset i grunnopplæringa for nye arbeidsplasstillitsvalde. Gjennom opplæringa vil alle tema i guiden bli utdjupa og dine oppgåver og ditt handlingsrom som arbeidsplasstillitsvald konkretisert. Men guiden kan framleis vere eit enkelt oppslagsverk som du kan ha nytte av i kvardagen.



1 →

Oppgåver og
opplæring

Gratulerer med vervet som tillitsvald!

Som arbeidsplassstillsvald i Utdanningsforbundet har du ei av dei sterkeste fagforeiningane i Noreg i ryggen. Du har tre hovudoppgåver som vi vil nemne her. Vi ser og på kva mogelegheiter vervet gir og kva opplæring du får som ny arbeidsplassstillsvald.

Kva er dine hovudoppgåver som arbeidsplassstillsvald?

1. Du er arbeidsplassstillsvald for alle medlemmer i Utdanningsforbundet, talar deira sak og representerer dei overfor arbeidsgivar.

Før møte med arbeidsgivar bør du om mogeleg ha rådført deg med klubben eller klubbstyret. Du tek vare på medlemmene både som arbeidstakarar og som profesjonsutøvarar. Om eit medlem har bede om bistand, skal du sjå til at medlemmen får ei korrekt behandling.

Medlemmer har krav på bistand og rådgiving frå deg, men ikkje krav på medhald. Du har teieplikt i slike saker. Hugs at ei personalsak ikkje er ei klubbsak, og at du har høve til å ta kontakt med lokallaget.

Som arbeidsplassstillsvald er du avhengig av at medlemmene stolar på deg. Den tilliten får du mellom anna gjennom korleis du tek vare på informasjon, og korleis du behandler ulike saker.

2. Du representerer Utdanningsforbundet på arbeidsplassen, dvs. er forbundet sin «ambassadør».

Du er kanskje den einaste representanten frå forbundet som medlemmene på arbeidsplassen møter. Di rolle er difor særskilt viktig. Du skal informere, forklare og støtte opp om Utdanningsforbundet sin politikk og vedtak. Du vil bli halden godt informert om kva Utdanningsforbundet står for. Verving er også ei viktig oppgåve for arbeidsplassstillsvald.

3. Du er klubbleiar og kallar inn til og leier møte i tillegg til å informere medlemmene.

Du har ei viktig oppgåve i å gjøre klubben til ein aktiv problemloysar og ein sosial møtestad for medlemmene. Her er informasjonsarbeid eit viktig stikkord, og for å verve nye medlemmer. I tillegg er samtalar med medlemmene viktig. Bruk difor tid til å prate med einskildmedlemmer.

Alle arbeidsplassstillsvalde får bladet Forbundsnytt. Hold deg oppdatert på all informasjon frå forbundet. Den viktigaste marknadsføringa av Utdanningsforbundet er å informere medlemmene om kva vi gjer og oppnår, i tillegg til kurs- og konferansestilboda våre og andre medlemstilbod.



Kva mogelegheiter byr jobben som arbeidsplassstillsvald på?

Påverke

Du har ei rolle som gir deg mogelegheiter til å påverke. Arbeidsplassstillsvald har medråderett på vegne av medlemmene. Dette er heimla i hovudavtalen. I mange saker kan det ikkje fattast vedtak utan at du er informert og har fått uttale deg på førehand. Du har like stor rett som arbeidsgivar til å fremje forslag.

Lære

Du vil få god opplæring og du har rett til permisjon med lønn for å delta på kurs. Utgiftene vert dekkja av Utdanningsforbundet. Her lærer du om lover og avtalar, vår politikk og om arbeidsplassstillsvald-rolla. Du lærer av eigne erfaringar undervegs. Som arbeidsplassstillsvald vil du ha eit nært samarbeid med lokallaget.

Finne løysingar

Å vere arbeidsplassstillsvald er både spennande, lærerikt og krevjande. I droftingar er det sjeldan slik at den eine parten får fullt gjennomslag. Det kan oppstå usemje i klubben og målet må vere å finne felles løysingar. Kollegaer kan trenge hjelp og råd. Du kan få ei personalkonflikt der begge partar er medlemmer. Slike saker har ingen fasitsvar og er alltid utfordrande. Som arbeidsplassstillsvald i Utdanningsforbundet slepp du å stå aleine med slike saker. Ikke nøl med å kontakte lokallaget dersom du treng hjelp!



Kva slags opplæring vil du få?

Utdanningsforbundet ønsker kompetente arbeidsplassstillsvalde som fremjar medlemmene sine interesser og som bidreg konstruktivt til profesjonsfaglege vurderingar i samarbeidet med arbeidsgivar. Gjennom opplæringa skal arbeidsplassstillsvalde få kompetanse til å jobbe målretta ut frå Utdanningsforbundet sin politikk, drive eit organisasjonsarbeid som engasjerer medlemmene og som utnyttar handlingsrommet i arbeidsplassstillsvaldrolla.

Grunnopplæringa for nye arbeidsplassstillsvalde er sett saman av fire kursmodular, som du fortrinnsvis skal gå gjennom i løpet av det første året. Første modul er eit dagskurs med lokallaget. Dei tre neste er kurs i fylke eller region.

Det er fem kjernetema som går att i alle kursa:

- Klubbarbeid og fagforeningsmedvit
- Hovudavtalen, medråderett
- Lønns- og arbeidsvilkår
- Profesjonsmedvit
- Kommunikasjonsferdigheiter

I opplæringa legg vi stor vekt på praktiske utfordringar du møter, og storparten av tida vil gå med til oppgåveløysing, diskusjon og erfaringsdeling.



TV1
1 dag
Lokallaget

TV2
2 dagar
Fylkeslaget

TV3
2 dagar
Fylkeslaget

TV4
1 dag
Fylkeslaget



2 →

Fakta om Utdanningsforbundet

2. Fakta om Utdanningsforbundet

Utdanningsforbundet er den nest største fagforeininga i Noreg. Dei fleste lærarane i barnehage og skule er medlemmer hjå oss. Som du vil sjå har vi ein sterk lokal organisasjon. Dette er avgjerande for å representera medlemmene i det daglege og støtte arbeidsplassstillitsvalde.

Oppbygginga av Utdanningsforbundet

På kvar arbeidsplass der vi har medlemmer, har vi normalt ein klubb med ein arbeidsplass-tillitsvald og eit klubbstyre. I kvar kommune er det eit lokallag med eit styre som tek vare på alle medlemsgruppene i kommunen. Lokallaga har egen nettside med kontaktinfo.

I kvart fylke er det eit fylkeslag. Fylkeslaga har bemanna kontor. Fylkeslaga har eigne nettsider, der du finn nyttig informasjon.

Sentralstyret har kontorplassar i Oslo, der Utdanningsforbundet sitt sentrale sekretariat og held til.

På neste side går vi nærmere inn på organisasjonsstrukturen.

Medlemsgrupper

Utdanningsforbundet har desse medlemsgruppene:

- Barnehage (BHG)
- Grunnskule (GRS)
- Vidaregående opplæring/fagskule (VGO)
- Universitet og høgskule (UH)
- Fagleg-administrative støttesystem (FAS)

Leiarar er også medlemmer i Utdanningsforbundet, og vi er det forbundet som organiserer flest leiarar.

Utdanningsforbundet i tal

Utdanningsforbundet har:

- over 180.000 medlemmer
- om lag 10.000 tillitsvalde
- lokallag i alle kommunar
- fylkeslag i alle fylke



Utdanningsforbundet sin organisasjon har fire nivå

Arbeidsplassen

På ein arbeidsplass utgjer Utdanningsforbundet sine medlemmer ein klubb. Klubben er ein møteplass der alle medlemmer har direkte innverknad på dei politiske prosessane og på val av arbeidsplassstillsvæld, vara og klubbstyre. Arbeidsplassstillsvæld tek hand om medlemmene sine interesser overfor arbeidsgivar og er bindeledd mellom klubben og andre organisasjonsledd i forbundet.

Lokallaget

På lokalnivå er Utdanningsforbundet inndelt i lokallag (Oslo er både lokallag, fylkeslag og eige tariffområde). Alle medlemmer med arbeidsplass lokalisert i kommunen er medlemmer av lokallaget. Hovudoppgåvene vil vere knytte til medlemmene i barnehage- og grunnskuleområdet. Årsmøtet er lokallaget sitt høgste organ og vel lokallagsstyre.

Pedagogstudentane

Pedagogstudentane i Utdanningsforbundet er ein interesseorganisasjon for lærar- og pedagogstudentar, med over 21.000 medlemmer. Dei er dotterorganisasjonen til Utdanningsforbundet og har ein representant med tale- og forslagsrett i sentralstyret. Dei har eigne vedtekter og eigen politikk.

Sentralstyret og representantskapet


Sentralstyret er vår øvste utøvande myndighet og handlar med ansvar overfor representantskapet og landsmøtet. Sentralstyret leier den politiske verksemda. Representantskapet møtest minst to gonger per år, og handsamar m.a. melding frå sentralstyret, fordeling av midlar og saker av overordna betydning.

Fylkeslaget

Årsmøtet vert halde kvart fjerde år og er høgste organ i fylkeslaget. Årsmøtet vel fylkesstyre og vedtek retningslinjer for arbeidet, handsamar budsjett og saker frå lokallag eller fylkesstyret. Fylkesstyret er øvste utøvande myndighet i fylkeslaget. Styret sine hovudoppgåver er å leie den politiske verksemda i fylkeslaget, drive skulering av arbeidsplassstillsvalde i fylket og personalsaksarbeid.

Landsmøtet

Landsmøtet kvart fjerde år er Utdanningsforbundet si aller høgste myndighet. Det består av 193 representantar. Landsmøtet vedtek hovudlinene i politikken for dei kommande fire åra. Landsmøtet i 2015 handsama m.a. saker om lønns- og arbeidsvilkår, styring, leiing og medråderett, profesjonsutvikling og kvalitet, organisasjonen i utvikling og profesjonsetisk råd.





3 →

**Lover, avtalar og
korleis arbeidslivet
er organisert**

3. Lover, avtalar og korleis arbeidslivet er organisert

Som arbeidsplassstillsvald treng du ikkje å kjenne detaljane i alle lover og avtalar, men nokre bestemmingar er viktige for arbeidet du skal utføre. Her skal du få ei kort innføring i korleis lover og avtalar for arbeidslivet fungerer og korleis Utdanningsforbundet inngår avtalar med ulike partar.

Lover og føreskrifter

Lover og føreskrifter er rettsleg bindande. Nokre av lovene for arbeidslivet er generelle, som arbeidsmiljølova. Andre er retta mot bestemte grupper eller funksjonar, t.d. opplæringslova og barnehagelova.

Avtalar

Partane i arbeidslivet inngår avtalar. Dei viktigaste er hovudavtalane, t.d. mellom KS (kommunane) og Unio (hovudorganisasjonen for universitets- og høgskuleutdanna), der Utdanningsforbundet er med.

Tariffområde

Det er fleire tariffområde, m.a. KS, Staten, Oslo, PBL (Private Barnehagars Landsforbund), FUS, Spekter og Virke. Utdanningsforbundet har gjennom Unio eller direkte inngått tariffavtalar på desse områda.

To avtalar

På dei fleste tariffområde har ein to avtalar, nokre har slått desse saman til éin avtale: HOVUDAVTALE/OVEREINSKOMST og HOVUDTARIFFAVTALE

Hovudavtalar/ overeinskomstar

Dei regulerer samarbeidet mellom partane i arbeidslivet, medraderett og rettar og plikter for arbeidsgivar og arbeidsplassstillsvald.

Vidare handlar dei t.d. om arbeidsmiljø, kompetanseutvikling og likestilling.

Hovudtariffavtalar

Dei regulerer lønns- og arbeidsforhold, forhandlingsbestemmingar og korleis lokal lønnspolitikk skal utviklast. Vidare vert lønns- og stillingsbeskrivinger og pensjonsforhold omtalte. Tariffavtalar er uffâvikelege.

Usemje om avtale


Dersom det er usemje om forståinga av ein avtale, kan dei sentrale partar freiste å løyse denne. Blir det ikkje semje, kan tvisten takast inn for arbeidsretten.

Særavtalar

Partane i KS inngår ein del sentrale generelle særavtalar (SGS), t.d. SGS1010 om følgje av pasient, klient, elev. Utdanningsforbundet inngår og sjølv ein del særavtalar. Desse vert kalla sentrale forbundsvise særavtalar (SFS). Døme her er SFS 2201 om arbeidstid i barnehage og SFS 2213 om arbeidstid i skulen.

Forholdet mellom lover og avtalar

Partane i arbeidslivet står i utgangspunktet fritt til å avtale kva som helst - så lenge det ikkje bryt med ei bestemming gitt i lov eller føreskrift. Særavtalane gir utfylling og detaljering, men dei må halde seg innanfor dei rammene som alt er trekte opp i hovudavtale/overeinskomst/hovudtariffavtale. Partane kan ikkje inngå ein dårlegare særavtale. Alle arbeidstakarar har krav på ein individuell arbeidsavtale. Individuell avtale kan ikkje opne for dårlegare bestemmingar enn det som går fram av særavtalar, hovudtariffavtalar, lover eller føreskrifter.



Hovudsamanslutningar og tariffområde

Eit døme:

Arbeidsgivarsida

KS

inngår
avtale
med

Arbeidstakarsida

UNIO

Kvart av desse forbunda kan og inngå særavtalar
med KS om t.d. detaljar i arbeidstid.

som representerer
m.a. Utdannings-
forbundet, Norsk
Sjukepleiarforbund,
Forskarforbundet,
Politiets Fellesfor-
bund og åtte andre
forbund

Kort om dei mest aktuelle lovene – og éin avtale – for deg som arbeidsplassstillsvald

Lover kan ha formuleringar som «tilstrekkeleg», «tilfredsstillande» og «forsvarleg». Desse opnar for tolking og skjønn og gir sjeldan fasitsvar.

Arbeidsmiljølova med føreskrifter og intensjonsavtale om et meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen).

Lova skal sikre eit godt arbeidsmiljø. Den regulerer m.a. krav til arbeidsmiljø, arbeidstid, rett til permisjonar og reglar om tilsetting og oppseiing. IA-avtalen gjeld alle verksemder. Den skal bidra til å få ned sjukefråværet og hindre fråfall frå arbeidslivet. Arbeidsplassstillsvald og verneombod er viktige partar i dette arbeidet.

Opplæringslova med føreskrifter

Lova definerer føremålet med opplæringa og gir føringer for skulen si verksemde, m.a. omfang, innhald og vurdering i opplæringa, og elevane sitt skulemiljø. Lova med føreskrift regulerer også ein del plikter for lærarane og kompetansekrav for lærarane.

For vaksenopplæringa er i tillegg introduksjonslova sentral.

Barnehagelova med føreskrifter

Lova gjeld alle barnehageeigarar, både offentlege og private, og skal sikre barna eit likeverdig, kvalitativt godt pedagogisk tilbod. Lova framhevar det pedagogiske oppdraget og er eit viktig styringsdokument.

Likestillings- og diskrimineringsloven

Lova omfattar følgjande diskrimineringsgrunnlag; kjønn (likestilling), etnisitet, religion og livssyn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Dette er viktig for arbeidsplassstillsvald å vite noko om når det til dømes gjeld tilsettingar, lønn, permisjonar og tilrettelegging.





4 →

Påverknad og
handlingsrom

4. Påverknad og handlingsrom



Som arbeidsplassstillsvald er du både avtaletillsvald og organisasjonstillsvald, og du står i eit samspele mellom arbeidsgivar, medlemmene i klubben og Ut dannelses forbundet sin politikk. Du er medlemmene sin representant og talerøyr når det gjeld både profesjons- og arbeidstakarperspektivet.

Avtaletillsvald

Som avtaletillsvald har du rettar og plikter etter hovudavtalen. Medråderett med leiar har du i kraft av at du er avtaletillsvald. Det er om mogeleg lurt å forankre drøftingssakene med klubben i forkant. Du er vald i tilitt av medlemmene i klubben og du forpliktar medlemmene på arbeidsplassen din. Nøl ikkje med å be om at ei sak vert utsett til neste møte om du er usikker på klubben sine synspunkt.

Organisasjonstillsvald

Utdannings forbundet sine vedtekter og politikk styrer arbeidet ditt som organisasjonstillsvald. Forbundet er både ein profesjonsorganisasjon og ei fagforeining.

Personalsaker

Personalsaker skal ikkje handsamast i klubbmøte. Som arbeidsplassstillsvald har du teieplikt i samband med slike saker. Di oppgåve i personalsaker er å hjelpe medlemmen når han/ho ber om det. Om du føler at saka er vanskeleg å handtere, kan du be om råd frå lokallaget på eit tidleg tidspunkt.

Medråderetts-/drøftingsmøtet

Medråderett er møtet mellom arbeidsgivar og arbeidsplassstillsvald. For å lukkast med medråderett, er det viktig at arbeidsgivar og arbeidsplassstillsvald opplever kvarandre som likeverdige parter. Du bør sette deg inn i Ut dannelses forbundet sine politikk dokument som du finn på nettsidene.

Andre samarbeidspartnarar

Verneombodet vil vere ein nyttig samarbeidspartner. Dersom det er andre fagforeiningar på din arbeidsplass, er det lurt å samarbeide med desse. Å skape alliansar med andre organisasjonar er viktig for å få gjennomslag i saker der de er samde.

Arbeidsgivar sin styringsrett

Arbeidsgivar har rett til å leie dei tilsette, fordele og kontrollere arbeid, og tilsette og seie opp tilsette. Ei rekke tilhøve avgrensar likevel denne styringsretten, både lover, avtalar mellom partane i arbeidslivet, personalreglement, lokale avtalar og individuelle arbeidsavtalar. Dessutan er det eit gjennomgåande prinsipp i lover og avtalar for arbeidslivet, at arbeidsgivar og medarbeidarar gjennom arbeidsplassstillsvall skal samarbeide før avgjelder vert tekne.

Medråderett

Arbeidstakarane sin medråderett avgrensar styringsretten. Gjennom reglar om medråderett i hovudavtalane har arbeidstakarar innverknad på alle prosessar i verksemda. Det er viktig at arbeidsplassstillsvall vert teken med i avgjerdssprosessane så tidleg som mogeleg, slik at medråderetten vert reell. For å ta vare på medlemmene sine interesser må arbeidsplassstillsvall kjenne til:

- Kven dei har medråderett med (fullmaktsnivå)
- Graden av medråderett

Medråderetten vert som regel utøvd gjennom formelle informasjons-, drøftings- og forhandlingsmøte. Det er likevel viktig at arbeidsplassstillsvall deltek i utgreibings- og avgjerdssprosessen så tidleg som mogeleg, slik at arbeidstakarane får innverknad på organiseringa av arbeidet og oppgåveløysinga innan eige arbeidsområde. Dette inneber at arbeidsplassstillsvall skal delta i prosjekt-, arbeids- og styringsgrupper når slike vert sett ned og saka gjeld arbeidssituasjonen for dei tilsette. I samarbeidet med arbeidsgivar fungerer arbeidsplassstillsvall som valktbikkje eller trekkhund og endringsagent.

Forhandling

Forhandlingar er den forma for medråderett som gir arbeidsplassstillsvall den sterkeste graden av innverknad. Så lenge du er ny som arbeidsplassstillsvall, må du søke råd hjå hovudstillsvall eller lokallaget. Forhandlingar skal alltid avsluttast med å skrive ein protokoll (avtale). Denne skal synleggjere kva partane er samde/usamde om.

Informasjon

Arbeidsgivar og arbeidsplassstillsvall har gjensidig informasjonsplikt. Arbeidsgivar skal uoppfordra gi informasjon om saker som vedkjem arbeidsplassstillsvall og tilsette på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg. Arbeidsplassstillsvall skal til ei kvar tid få tid og høve til å gjere seg kjend med dei saksdokumenta som har betydning for medlemmene.



Drøfting

Drøftingar føreset ein tovegskommunikasjon mellom partane. I drøftingssaker skal arbeidsplassstillsvall komme med synspunkt og gi opplysningar for å opplyse og påverke sakene. Dialogane skal ta sikte på å komme fram til omforeinte løysningar, der arbeidsgivar tek dei endelege avgjerdene. Eit informasjonsmøte kan ikkje erstatta arbeidsgivar si drøftingsplikt. Informasjon er eit grunnlag for drøftingar. Arbeidsgivar skal syte for at det vert skrive referat der partane sine synspunkt frå drøftingane kjem fram. Arbeidsplassstillsvall skal ikkje skrive under referatet, men berre gå god for at innhaldet i referatet er rett.

Utdanningsforbundet sin politikk

Om du vil ha eit oversyn over kva Utdanningsforbundet står for, bør du starte med "Vi utdanner Norge".

Dette dokumentet er ein arbeidsreiskap for tillitsvalde på alle nivå og har tre delar:

1. Verdiar og prinsipp for Utdanningsforbundet
2. Visjonar for barnehage og skule
3. Politikk og innsatsområde for kvar landsmøteperiode

Den tredje delen vert endra etter kvart landsmøte og inneholder dei måla og prioriteringane som forbundet skal jobbe etter i kommande periode. Det er fem førande prinsipp for Utdanningsforbundet:

- Utdanningsforbundet skal vere ei sterk og solidarisk fagforeining
- Utdanningsforbundet skal arbeide for gode lønns- og arbeidsvilkår
- Utdanningsforbundet vil styrke kvaliteten i utdanninga
- Utdanningsforbundet skal stå for fagleg og profesjonell styrke
- Utdanningsforbundet skal vere ein profilert samfunnsaktør

Du finn «Vi utdanner Norge» og alt anna om Utdanningsforbundet sin politikk under «Vår politikk» på nettsidene.






5 →


Lønns- og
arbeidsvilkår

GANGEN I EIT TARIFFOPPGJER



5. Lønns- og arbeidsvilkår

Lønns- og arbeidsvilkår vert først og fremst bestemt gjennom tariffoppgjera. Regjeringa drøftar den økonomiske situasjonen for Noreg saman med hovudorganisasjonane for arbeidsgivarar og arbeidstakarar. Deretter vert det overordna forhandla i privat sektor før offentleg sektor startar sine forhandlingar.



Ordliste for tariffoppgjøret

Hovudtariffoppgjør

Hovudtariffavtalen/overeinskomsten gjeld som regel i to år om gongen. Ved eit hovudtariffoppgjør kan det forhandlast om alle element i hovudtariffavtalen/overeinskomsten.

Mellomoppgjør

Eit tariffoppgjør i året mellom to hovudtariffoppgjør. Her vert det forhandla om lønnsregulering for det andre avtaleåret og evt. Andre ting som partane vert samde om å forhandle om.

Generelle tillegg

Lønnstillegg som vert gjevne til alle. Kan gjevest som kronetillegg, prosenttillegg eller ein kombinasjon av desse.

Lokal avtale/særavtale

Ein avtale forhandla mellom organisasjonen sine lokale ledd og verksemda, og som kjem i tillegg til dei sentrale tariffavtalane verksemda er omfatta av, t.d. ein arbeidstidsavtale.

Lokale forhandlingar

Forhandlingar om lønns- og arbeidsvilkår som finn stad mellom lokale partar.

Minstelønn/garantilønn

Ei nedre lønnsgrense som vert garantert i tariffavtalen på nokre område.

Pott

Pengar som partane ved tariffoppgjøret kan sette av til lokale forhandlingar.



Vanlege spørsmål du kan få om lønn fra medlemmer

Eg har fått tilbod om ny jobb,
kan eg då stille lønnskrav?

Når får eg
høgare lønn?

Eg har fått fleire nye oppgåver,
gjer dette noko med lønna?

- A)** Du kan freiste å få lønnskravet vurdert før du svarar på om du vil akseptere jobbtilbodet. Får du arbeidsgivar til å vurdere lønnskravet før svarfristen går ut, slepp du å gi frå deg viktige forhandlingskort. Samstundes slepp du å takke ja før du veit kva lønn du kan oppnå.
- B)** Du kan takke ja, og samstundes fremje lønnskrav. Ved denne framgangsmåten kan du miste ditt viktigaste forhandlingskort fordi arbeidsgivar veit at du ikkje kjem til å söke ein annan jobb.
- C)** Du kan takke ja under føresetnad av ei nærmare definert lønnsplassering. Ved denne framgangsmåten kan du miste ditt viktigaste forhandlingskort fordi arbeidsgivar kan komme til å velje ein annan søker.

Dersom det er spørsmål om når eventuelle lønnstillegg gjevne i sentrale eller lokale forhandlingar blir utbetalte, skal spørsmålet stillast til arbeidsgivar. Gjeld spørsmålet når dei neste lønnsforhandlingane skal gå føre seg, er fleirtalet av medlemmene omfatta av sentrale forhandlingar som skjer kvaråret i april/mai. I tillegg er det ofte lokale forhandlingar i etterkant av dei sentrale lønnsoppgjera. Du kan sjå i tariffavtalen/overeinskomsten, eller ta kontakt med hovudtillitsvald eller lokallaget for å få nærmare svar på dette spørsmålet.

Er medlemmen generelt misnøgd med lønna, bør spørsmålet rettast til arbeidsgivar. I ein del tariffområde finst det et noko som heiter «lønnssamtale». Ta kontakt med hovudtillitsvald eller lokallagskontor om medlemmen ynskjer meir rettleiling.

Dette er ein situasjon der det er viktig å fremje lønnskrav. Det er likevel ikkje automatikk i at medlemmen får høgare lønn ved å få nye oppgåver. I dei fleste tariffavtalane er det ei eiga forhandlingsbestemming som handlar om denne situasjonen. Der det ikkje er ei forhandlingsbestemming, kan det likevel fremjast krav.





6 →

Klubbarbeid

6. Klubbarbeid

Klubben er ein møteplass der medlemmene har direkte innverknad på dei politiske prosessane og på val av arbeidsplasstillitsvald. Klubben bør og vere eit forum for anna enn dei mest dagsaktuelle sakene og for det sosiale. Vi ser på praktisk klubbarbeid, informasjon til medlemmene og verpearbeidet.

Korleis engasjere, aktivisere og ansvarleggjere medlemmene?

Arbeidsplasstillitsvald kallar inn til og leier klubbmøte. Om leiar på arbeidsplassen din er medlem av Utdanningsforbundet, skal vedkommande ikkje vere med på å diskutere saker som skal opp på medråderettsmøta. Når det gjeld saker som handlar om Utdanningsforbundet sin politikk, høyningar, tariff-høyningar osb., har sjølvsagt leiaren møterett i klubben. For å engasjere andre, må ein sjølv vere engasjert. Ver godt førebudd.

Ver flink til å gi informasjon og syt for demokratiske prosessar i klubben. Bruk medlemmene sitt engasjement.

Set opp saksliste i god tid og gi gjerne medlemmer ansvaret for å førebu ei sak. Orientering om kva som har vore opppe i medråderettsmøte høyrer med. Nokre saker kjem og frå Utdanningsforbundet. Klubbsaker er t.d. tariff, avtaleverk, arbeidstid, tidsbruk, verksemda sine økonomiske rammer, konfliktførebygging, arbeidstilhøve, fagforeningsarbeid, medlemsfordelar og saker leiinga ønskjer uttalar om. Personalsaker skal aldri takast opp i klubben og tilsetting vert ikkje teke opp utover orientering om prosessen.

Prøv å legge klubbmøte i fast arbeidstid eller snarast mogeleg etter arbeidstid. Ha eit fast møtetidspunkt, god møteleiing og stram regi. Ein time er som regel nok. Set opp ein halvårleg møteplan. Få gjerne inn nokon eksterne, som t.d. hovudtillitsvald, på eit klubbmøte. Vel referent på klubbmøta.

Informasjon til medlemmene

E-post, posthyller, oppslagstavle, Facebook-grupper mv kan brukast til å spreie informasjon til medlemmene. Unngå at diskusjonar skjer på Facebook i staden for på klubbmøta. Heng opp plakatar som ligg ved Forbundsnytt eller som kan bestillast på nettsidene våre. Informer om forbundet sine nettsider, bladet Utdanning, kurs- og konferansetilbod og andre medlemstilbod.

I alt informasjonsarbeid er det viktig at du tek omsyn til reglane om personvern (GDPR).



Verve, behalde og engasjere medlemmer

Verve nye medlemmer

Førebuing

Kven er ikkje medlemmer på din arbeidsplass? Høyр med lokallaget om å få profilingsmateriell. Tenk på kvifor DU er medlem. Engasjementet ditt kan smitte!

Nytilsette

Ta kontakt allereie den første arbeidsdagen - lunsj eller møte? Ver til hjelp for medlemmer som er nytilsette.

Vervesamtalen

Kva behov har din kollega? Konsentrer deg om 2-3 gode argument. Fortel om klubben sitt arbeid. Tilby deg å undersøke uavklarte og vanskelege spørsmål.

Andre råd

Kjenn til innmeldingsskjema på nett og korleis Min side vert oppdatert. Verv studentar i praksis til studentmedlemskap.

Hugs: Dei som ikkje er medlemmer har ofte ikkje vorte spurde.

Strategiplan for medlemsvekst

Logg inn på Min side og få tips til korleis du og klubben kan jobbe for å få engasjement og medlemsvekst på dykkar arbeidsplass.

SMS-innmelding

Ved å senda SMS til 02014 får ein potensielle medlem til å ta eit uforpliktande fyrste steg mot sit medlemskap. Då får han/ho ei lenke til innmeldingsskjemaet. Etter ei lita stund, følgjer du opp og spor om han/ho har fylt det ut, eller om han/ho treng hjelp.




Medlemstilbod

Utdanningsforbundet har fleire gode tilbod til medlemmene sine. Medlemstilboda kan og vere eit argument når du skal verve nye medlemmer.

Alle som melder seg inn, blir automatisk med i vår grunnforsikring som sikrar medlemmen med familie økonomisk ved død eller ulukke. I tillegg har vi gode private forsikringstilbod, som m.a. reise-, innbu-, uføre- og barneforsikring, og ei rekke andre medlemstilbod.

I appen «Utdanningsforbundet Medlem» finn de medlemskort og informasjon om alle medlemsfordeler. På nettsidene våre finn de meir informasjon om forsikringsordningane våre og andre medlemsfordeler.



Pensjonistar

Medlemmer kan og bør oppretthalde medlemskapet som pensjonistar. Det gir rettar og ei rekke fordelar, og kontingenenten er svært låg.

Har du ein kollega som skal gå av med pensjon, må du som tillitsvald informere om mogelegeheta for å fortsette som pensjonistmedlem. Medlemmen må då registrere ny status i medlemsregisteret.



7 →

Profesjonsstemma

7. Profesjonsstemma

Profesjonsrolla inneber eit sjølvstendig og kollektivt ansvar for arbeidet med kvalitet i yrkesutøvinga. Som arbeidsplasstillitsvald opptrer du som representant for profesjonen.

Kjenneteikna på ein profesjon er at den:

- Utfører tenester baserte på teoretisk kunnskap - tileigna gjennom ei spesialisert utdanning
 - Utfører yrket i pakt med eit politisk gjeve samfunnsmandat (lov, planar mv.) Med autonomi og handlingsrom
 - Har eit felles kunnskapsgrunnlag
 - Har eigen profesjonsetikk
- For å sikre påverknad er det naudsynt med sterke profesjonsfellesskap, gode argument, eit godt samarbeid med leiar, og tid og rom til profesjonsfaglege diskusjonar i lærarkollegiet.

Lærarprofesjonen kjem av det samfunnsmandatet vi som lærarar er gjevne i opplæringslova og barnehagelova. Vår etiske plattform vart vedteken i 2012. Lærarar og leiarar er forplikta på denne og kan ikkje unndrage seg det profesjonelle ansvaret sitt.

Som arbeidsplasstillitsvald i Utdanningsforbundet representerer du lærarprofesjonen og har mogelegheit for å nå fram til leiinga og legge premissar for utvikling av kvalitet i barnehage og skule. Det er viktig at du er aktivt med på å påverke i avgjerdsprosessar og bidrar med kunnskap og til-rådingar, mellom anna gjennom å vise/synleggjere samanhengar mellom rammevilkår, prosessar og resultat. Profesjonsstemma kan og må brukast både i saker som handlar om store linjer og prinsipp, og i saker som handlar om dagleg yrkesutøving.

I fellesskap utviklar vi både haldningar og gode argument som kan hjelpe oss til å utvikle ein praksis der rommet mellom lovverket og den individuelle fridomen blir fylt av lærarprofesjonen si eiga stemme. Både samfunnsmandatet, lærarprofesjonen si etiske plattform, fagleg kunnskap og erfaring er viktig i dette arbeidet.

Ressursar om profesjonsetikk og forsking

På nettsidene våre er det ein eigen seksjon om profesjonsetikk. Her finn du m.a. etiske utfordringar, argumentasjon, forsking og videocase som hover godt til refleksjon, både individuelt og i klubben. Sjå også utdanningsforskning.no der vi presenterer relevant forsking om kva som gir kvalitet i barnehage, skule og høgare utdanning. Her er det mykje stoff som og er interessant å diskutere i eit profesjonsfagleg og profesjonsetisk perspektiv.



Lærarprofesjonen si etiske plattform

Vi er éin profesjon av barnehagelærarar, lærarar og leiarar i barnehage og skule. Samfunnsmandatet vårt er å fremje læringa, utviklinga og danninga til barnehagebarn og elevar. Verdiane, haldningane og handlingane våre påverkar dei vi arbeider for og med. Plattforma er eit felles grunnlag for at lærarprofesjonen skal halde fram med å utvikle etiske medvit. Alle barnehagelærarar, lærarar og leiarar har eit ansvar for å handle i samsvar med verdiane og prinsippa i plattforma.

Lærarprofesjonen sine grunnleggande verdiar

Menneskeverd og menneskerettar

Arbeidet vårt bygger på dei verdiane og prinsippa som er nedfelte i universelle menneskerettar, særleg konvensjonen til SN om barn sine rettar. Desse rettane skal vi fremje og forsvare i barnehage og skule. Det er grunnleggande at menneskeverdet ikkje skal krenkast, at kvar og ein har fridom og trong for tryggleik og omsorg.

Respekt og likeverd

Den einskilde sin eigenart og personlege integritet manar til respekt. Det skal ikkje finne stad noko form for undertrykking, indoktrinering eller fordomsfulle vurderingar. Alle barnehagebarn og elevar har rett til medverknad. De skal vere frie til å treffen eigne val innanfor rammene til fellesskapet.

Profesjonell integritet

Etisk bevissthet og høy faglighet er kjernen i lærerprofesjonens integritet og avgjørende for å skape gode vilkår for lek, læring og danning. Vår metodefrihet og profesjonelle skjønnsutøvelse gir oss et særlig ansvar for å være åpne om de faglige og pedagogiske valgene vi gjør. Samfunnet skal ha tillit til at vi bruker vår autonomi på en etisk forsvarlig måte.

Personvern

Å halde på teieplikta og opplysningsplikta er avgjerande i arbeidet vårt. Alle har rett til personvern. Personopplysningar skal forvaltas slik at integriteten og verdet til barnehagebarn, elevar, føresette og kollegaer vert verna om. Vi må vere kritisk årvakne når det er mogeleg å spreie informasjon elektronisk.

Framhald på neste side ►



Lærarprofesjonen sitt etiske ansvar

I møte med barnehagebarn, elevar og føresette

Vi har ansvaret for tillitsfull samhandling med dei vi arbeider for og med. Lojaliteten vår ligg hos barnehagebarn og elevar for å fremje deira beste. Sannferdig formidling av kunnskap og fagleg god tilrettelegging er avgjerande.

Barnehagelærarar, lærarar og leiarar:

- fremjar vilkåra for leik, læring og danning til alle barnehagebarn og elevar
- arbeider for å vere fagleg og pedagogisk oppdaterte
- er omsorgsfulle og medvitne den makta ein har i kraft av rolla og posisjonen sin
- er fagleg funderte og etisk reflekterte i arbeidet med vurdering
- fremjar likestilling og likeverd
- møter barnehagebarn, elevar og føresette med respekt
- grip inn og vernar barnehagebarn og elevar mot krenkingar, uavhengig av kven det er som utfører desse
- møter kritikk på ein open måte og med faglege argument



For arbeidsplassen

Vi er kunnskapsrike, ansvarlege og nærværende vaksne i barnehagebarn og elevar sine liv. Som kollegium har vi eit felles ansvar for å utvikle eit godt utdannings-tilbod og for å fremje og vidareutvikle profesjonaliteten vår.

Kollektiet:

- tek initiativ til etisk refleksjon og dialog med alle tilsette på arbeidsplassen
- samarbeider om å vidareutvikle kunnskapar, dugleik og etisk dømmekraft, både internt og i samspel med utdannings- og forskingsmiljø
- skapar og deltek i ein positiv samhandlingskultur der ein lyttar til og tek på alvor synspunkta til alle i kollegiet
- er lojale mot måla og retningslinene til eigen institusjon så lenge desse samsvarar med samfunnsmandatet og den profesjonsetiske plattforma vår
- arbeider i ope og legg til rette for innsyn frå partar som arbeidet gjeld for
- respekterer andre sin kompetanse og erkjenner grensene for eigen fagkunnskap
- støttar og tek medansvar når kollegaer møter særlege utfordringar i arbeidet
- tek ansvar for å finne gode løysingar og om nødvendig varsle når det vert oppdagat kritikkverdige tilhøve og handlingar på arbeidsplassen

For barnehage og skule som samfunnsinstitusjonar

Vi er forplikta av verdiane i samfunnsmandatet for barnehagen og skulen slik desse er nedfelt i lov- og planverket gjennom demokratiske vedtak.

Den einskilde barnehagelærar, lærer og leiar deler profesjonen sitt ansvar for å fremje barnehagen og skulen sine føremål.

Profesjonen:

- syner mot og målber tydeleg samfunnsmandatet
- brukar ytringsfridomen og deltek aktivt på faglege og utdanningspolitiske arenaer
- står imot press frå aktørar som vil gjere barnehagebarn og elevar til verkemiddel for eigne mål
- tar ansvar for å varsle når rammevilkår skapar tilhøve som ikkje er fagleg og etisk forvarle
- fremjar godt samarbeid, utan at vi tek på oss oppgåver som høyrer til faga og kompetansefelta til andre profesjonar
- går ikkje på akkord med verdiane i samfunnsmandatet, kunnskapsgrunnlaget vårt eller lærarprofesjon si etiske plattform

Barnehagelærarar, lærarar og leiarar er forplikta på denne plattforma og kan aldri fri seg frå det profesjonelle ansvaret.



8 →

**Ordliste,
nettressursar
og kontaktar**

Ordliste

AFP	Avtalefesta pensjon
AML	Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stil-lingsvern mv. (arbeidsmiljølova)
ATV	Arbeidsplasstillitsvald
BHG	Medlemsgruppe barnehage
EI	Education International, internasjonal lærerorganisasjon
FAS	Medlemsgruppe fagleg-administrative støttesystem
FST	Fylkesstyret
FYK	Fylkeskurs
GSK	Medlemsgruppe grunnskule
HA	Hovudavtale
HTA	Hovudtariffavtale
HTV	Hovudtillitsvald
HVO	Hovudverneombod
IA	Inkluderande arbeidsliv
KA	Arbeidsgivarorganisasjon for kyrkeleje verksemder
KS	Kommunesektorens interesse- og arbeids-givarorganisasjon
LDU	Likestillings- og diskrimineringsutvalet
LEP	Lærarprofesjonens etiske plattform
LM	Landsmøtet
NHO	Næringslivets Hovudorganisasjon, arbeidsgivarorganisasjon
ORG	Utvalet for organisasjonsutvikling
PBL	Private barnehagens landsforbund

REP	Representantskapet
SEK	Sentralt kurs
SFS	Sentral forbundsvise særavtale (i KS-området)
SGS	Sentral generell særavtale (i KS-området)
SO/SU	Sami Ossodat/samisk utval
Spekter	Arbeidsgivarorganisasjon
SST	Sentralstyret
TV	Tillitsvald
UDF	Utdanningsforbundet
UH	Medlemsgruppe universitet/høgskule
ULA	Utval for lønns- og arbeidsvilkår
Unio	Hovudorganisasjonen for universitets- og høgskuleutdanna
UPU	Utdanningspolitisk utval
Virke	Arbeidsgivarorganisasjon
VGO	Medlemsgruppe vidaregåande opplæring
VO	Verneombodet eller vaksenopplæringa



Nettressursar

På nettsidene våre finn du mange ressursar som vil vere til stor nytte for deg som arbeidsplassstillitsvald, både for læring og til støtte i arbeidet med saker.

Min side

Når du blir vald skal lokallaget endre din status i medlemsregisteret slik at du står som "arbeidsplassstillitsvald". Sjekk at dette er gjort. Om det ikkje er endra melder du frå til lokallaget.

Tillitsvaldoplæringa

Her finn du nærmere informasjon om opplæringstilbodet og læremidlar for dei ulike kursa. På kursa har deltakarane behov for å gå inn på desse sidene og bruke ressursane der.

Tillitsvalgt Plus

Her er det mykje ekstra informasjon og nytige verktøy for deg som er tillitsvald. Du må vere tillitsvald og innlogga for å få tilgang til denne sida.

Klikk på overskriftene for å gå til nettsidene

Lov- og avtaleguide

På nettsidene våre finn du dei fleste lover og aktuelle avtalar for deg som tillitsvald. Vi arbeider også med ein eigen lov- og avtaleguide for tillitsvalde.

Kontaktinfo

Her finner du kontaktinformasjon til alle lokallag og fylkeslag.

Lønns- og arbeidsvilkår

På denne sida har vi samla (nesten) alt du treng av informasjon om m.a. lønnsoppgjer, spørsmål om lønn og arbeidsvilkår, arbeidstid, lønnstabellar, pensjon m.m..

Forbundsnytt

Her er det eit arkiv med Forbundsnytt som går attende til 2012. Her finn du og Forbudsnytt-appen for mobiltelefon og nettbbrett.



Mine kontakter



Notat



Besøksadresse

Hausmanns gate 17
0182 Oslo

Trykket i 2019

Design: Design Container



TV-guiden er trykt på FSC-merka papir.
Merkeordninga stiller krav om at skogsdrifta
ikkje fører til avskoging, at hogsten
føregår kontrollert, og at den tek
omsyn til lokalbefolkinga.



Visste du at Utdanningsforbundet har
laga ein eigen handlingsplan for klima
og bærekraftig utvikling? Du som
arbeidsplassstillsvad kan og hjelpe
til i dette arbeidet. Finn meir
informasjon på nettsidene våre.

